



Vonheim har ikkje lenger ein krans av graner rundt seg

4 graner rundt Vonheim er felt og effektiv drenering føreteke som dugnadsjobb av 2 entreprenører oppe i dalen. Men eldsjelane som står bak styringa av forsamlingslokalet kviler ikkje - dei går omgåande vidare med neste oppgåve. Det er å pussa opp i kjellaren som ikkje har vore i bruk på lang tid og har hatt vass-skader.

Leiar Anne Grethe Sjo fortel at måling av taket vert det fyrste dei tek fatt på og det skjer allereie tysdag og torsdag i denne veka. Naudsynt mannskap er sikra.

Det er ikkje sett opp nokon plan for det vidare arbeid.
- Vi tek det litt etterkvart, seier Anne Grethe. Kjellaren vil bli leigd ut til ymse arrangement når han er renovert og klår.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen